

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Torild Lende Fjermestad
Arkivsaksnr.: 17/1066 - 1

Arkiv:

Planlagt behandling:

Formannskapet
Kommunestyret

INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TENESTER

Bakgrunn for saka:

Jærrådet tilrår i vedtak av 17.02.17 å greia ut interkommunalt samarbeid innan fagområda IKT og landbruk for dei fem kommunane.

Vidare tilrår Jærrådet at Klepp og Time greier ut felles PPT, og at Hå, Klepp og Time greier ut samlokalisering av norskopplæring med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar.

I denne saka legg rådmannen fram si innstilling når det gjeld å greia ut vertskommunesamarbeid om desse tenestene.

Saksopplysningar

Klepp kommune har i dag sju administrative vertskommunesamarbeid etter Kommuneleva §28-1 b. Desse samarbeida er:

- Jæren kemnerkontor (Hå, Gjesdal, Klepp, Time)
- Legevakt ettermiddag og kveld (Klepp, Time)
- Legevakt natt og dagtelefon (Gjesdal, Klepp, Sandnes, Time)
- Ø-hjelpstilbod (Gjesdal, Klepp, Sandnes, Time)
- Tiltaksavdeling barnevern (Klepp, Hå, Time)
- Barnevernvakt (Gjesdal, Sandnes, Klepp, Hå, Time)
- Krisesenter (18 kommunar).

Kommunen har også interkommunale samarbeid etter Kommuneleva §27 (Jærrådet, Jæren friluftsråd og Jærskulen), og andre enkeltstående samarbeid som ikkje er heimla i Kommuneleva. Klepp og Time har til dømes avtale om kjøp av norskopplæring for innvandrarar ved Time språkstasjon. I tillegg kjem samarbeid i aksjeselskap og interkommunale selskap (IKS).

Jærrådet si innstilling er gjort på grunnlag av rådmennene i dei fem kommunane sin analyse av kva område som bør greiast ut med tanke på mogleg samarbeid. Målet har vore å greia ut område der samarbeid vil kunna gje betre tenester enn kommunane kan gje kvar for seg, med kriteria:

- brukarbehov
- tilstrekkeleg kompetanse
- sårbarheit
- kapasitet
- effektiv tenesteproduksjon
- utviklingskraft

Innstillinga til Jærrådet byggjer også på SWOT-analysen av tenester som låg til grunn for utgreiinga av kommunestruktur og for intensjonsavtalen om Jæren kommune. Rapporten frå utgreiinga syner kva område som er mest sårbare i kommunane når det gjeld kapasitet og kompetanse.

Interkommunalt samarbeid om IKT og PPT har ikkje tidlegare vore politisk behandla i Jærkommunane. Interkommunalt samarbeid om landbruksforvaltninga vart vurdert i Samrådingnemnda for Jærkommunane i 2002, der vertskommune var eitt av alternativa.

Vurdering

Kommunane har gjennom åra etablert ulike typar interkommunale samarbeid for å løysa tenesteutvikling og -leveranse der kapasitet eller kompetanse i den enkelte kommunen har vore utilstrekkeleg. Interkommunale løysingar var også eit tema då Jærrådskommunane saman med andre kommunar greidde ut kommunereforma. Når interkommunale samarbeid vert evaluerte, er det er ulikt korleis samarbeida er forankra og følgde opp og korleis vertskommunen vel å evaluera tilbodet saman med samarbeidskommunane.

IKT

IKT er eit område der mange kommunar har etablert interkommunale samarbeid. Det gjeld både innkjøp av system, programvare og utstyr, teknisk drift og brukarstøtte. Fordelane med å ha ei samla IKT-teneste er både å verta større som innkjøpar og å kunna leggja felles langsiktige strategiar for teknologien i kommunane. Rådmannen si vurdering er at synergiane ved å samla kompetansen kan gi betre drift, utvikling og brukarstøtte i kommunane. I tillegg er digitaliseringa eit prioritert utviklingsområde for kommunane framover. Her bør Jærkommunane søkja samarbeid med fleire kommunar i regionen. Kommunane har i dag ulike IKT-strukturar og ulik organisering av IKT-drift og -støtte. Det må vurderast om det må setjast av særskilte ressursar til å greia ut modellar for samarbeid.

Landbruk

I teneste-SWOT i samband med kommunereforma framsto landbruksforvaltninga som ei av tenestene som var sårbare med omsyn til kapasitet og kompetanse. Landbruksnæringa er viktig både nasjonalt og i Jærkommunane, og rådmannen ønskjer å greia ut om eit interkommunalt samarbeid kan styrkja forvaltning og landbruksfagleg arbeid i kommunane. Etter rådmannen si vurdering bør også skogsforvaltninga tas med i vurderinga av ei felles landbruksteneste.

PPT

Klepp har tatt initiativ ovanfor Time for å sjå på om ei felles PPT-teneste kan gjera dei to kommunane meir robuste når det gjeld kompetanse, kvalitet og kapasitet på dette fagfeltet. Det er få tilsette i tenesta i kvar kommune, og PPT-området er eit viktig utviklingsområde i kommunane. Det vil difor vera viktig å leggja vekt på korleis dei faglege ressursane kan nyttast mest mogleg effektivt. Eit vertskommunesamarbeid vil gjera at nokre av brukarane får større geografisk avstand til tenesta. Rådmannen meiner dette vil vera ein del av vurderinga av korleis tilbodet kan utformast for å vera ein minst like god ressurs for brukarane som i dag.

Norsk med samfunnsfag for vaksne innvandrarar

Etter rådmannen si vurdering bør det analyserast korleis norsk for innvandrarar kan verta meir individuelt tilpassa for å effektivisera opplæringsløpet, og om eit interkommunalt samarbeid på Jæren vil bidra til dette. Omsyn som må tas i vurderinga er korleis ein best kan tilpassa det totale norskopplæringstilbodet den einskilde får, og om norskopplæring utelukkande skal bestå av det tilbodet dei tre kommunane har i dag, eller om eksterne leverandørar skal brukast der dette er aktuelt. Det må leggjast stor vekt på å skapa individuelle læringsløp som sikrar rask gjennomføring av norskopplæring og kvalifisering for opplæring, studiar eller arbeid.

Konklusjon

Rådmannen vil i hovudsak tilrå at Klepp sluttar seg til tilrådingane frå Jærrådet. Når vertskommunesamarbeid vert vurdert etablert, må nytten for kommunen når det gjeld

kapasitet, kompetanse og tenesteutvikling stå sentralt. Det vil også vera avgjerande at det er gode rutinar for evaluering og oppfølging av slike samarbeid, slik at dei vert endra i tråd med behovet over tid.

Rådmannen tilrår at det vert gjort ein gjennomgang av dei noverande interkommunale samarbeida, og at kommunen ved revidering av vertskommuneavtalar tydeleggjer forankring og oppfølging av samarbeidet. Vidare bør det utarbeidast retningslinjer for korleis Klepp kommune deltek i framtidige vertskommunesamarbeid.

Vedlegg:

- Jærrådet 17.02.17 sak 2/17: Interkommunalt samarbeid.

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

1. Rådmannen får fullmakt til å greia ut interkommunalt samarbeid om tenestene IKT, landbruk, PPT og norskopplæring med samfunnskunnskap.
2. Eksisterande interkommunale samarbeid vert gjennomgått og rutinar for oppfølging av vertskommunesamarbeid vert lagt fram i eiga sak.

Rådmannen i Klepp 27.04.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.